



Levekår 2022
Voss barnevernteneste

Påliteleg-inkluderande-profesjonell-skapande

Voss barnevernteneste, slik ser me ut no.

- Me er organisert i tre team
- Mottaksteamet (undersøking og tiltak)
- Omsorgsteamet (Oppfølging av fosterborna)
- Voss Familiesenter(råd og rettleiing)

Leiargruppa består av

1. Leiar Eyvind
2. Teamleiar for mottak Kitty
3. Teamleiar for omsorg og familiesenteret Gunnbjørg

Kontoret har ein merkantil og me har me to som jobbar i prosjekt gjeldande Oppvekstreformen og Vestlandsmodellen. 1 lærling.

Totalt er me 24 tilsette i ulike roller.

Påliteleg-inkluderande-profesjonell-skapande

Målbilete etter to års rettleiing – Bufdir.

(Mai -20 – mai 22)

Påliteleg-inkluderande profesjonell-skapande

- Me går frå avvik til grønne tal.
- Kontroll på økonomien – månadlege møter med controller for å få god oversikt .
- Barneverntenesta på Voss møter alle med varme. Med varme meiner me at alle som tek kontakt med barneverntenesta skal oppleve at barneverntenesta er oppteken av tryggleiken til det einskilde barn og ivaretaking av den einskilde familie. Mange saker som kjem til barnevernet er utfordrande. Likevel strekk me oss etter å vere profesjonell samstundes som me synar omsorg.
- Barnevernet gjev rett hjelp til dei som treng det, og vert erfart som ein open og god samarbeidspartnar for heile laget rundt barnet.
- Me skal vera **verdast beste barnevern** - i møte med klientane våre.



Voss
barnevernsvakt

Status nøkkeltal:
01.03.21 – 31.12.21
tal telefonar- 38

01.01.22 – 01.12.2022
tal telefonar – 41

Mob: 41863070

Påliteleg-inkluderande-profesjonell-skapande

KS nettverk

oppstart haust-22

Ei satsing frå KS, som er viktig og avklarande med tanke på vidare satsing for Voss herad sitt barnevern:

- Ansvarssamarbeid i heradet
- Motivasjon og omdøme
- Turnover/sjukemeldingar
- Innhald (ny)tilstandsrapport til heradsstyret.

Påliteleg-inkluderande-profesjonell-skapande

Forventningar til politikarane

Me treng å bli
framsnakka

Barneverntenesta er
svært opptatt av å verta
meir synlege for
politikarane.

Barneverntenesta ønsker
at politikarane får god
kjennskap til tenesta og
etter kvart kan få eit
eigarforhold til oss.

Jobba med
case saman

Påliteleg-inkluderande-profesjonell-skapande



Vår profil

Me ønsker meir tiltak inn i heimen og mindre ut av heimen. Me brukar ein del ressursar på å nå ut til innbyggjarane i heradet, gi informasjon, samt auka nærheit til våre samarbeidskollegaer. Me opplev stor velvilje blant alle.

Påliteleg-inkluderande-profesjonell-skapande

Ny lov gir
meir
oppgåver og
ansvar

- Nytt lovverk trer i kraft frå 1 januar 2023. Dette lovverket stiller enda større krav til saksbehandling, oppfølging og rettleiing.
- Lovendringa stiller større krav til den enkelte sakshandsamar og til leiinga.
- Samhandling er sentralt
- Påliteleg-inkluderande-profesjonell-skapande



Innlegg frå teamleiar Kitty

- Framleis like stolt av mine kollegaer som eg var for eit år sidan
- Mine kollegaer har krevjande arbeidsoppgåver
- Tilsette i bvt jobbar med dei aller mest sårbare borna og familiane i heradet. Dei skal hjelpe dei borna som lid under omsorgssvikt, dette krev personleg styrke og fagleg kompetanse.
- Barneverntenesta skal sikra at desse borna får gode nok oppvekstvilkår og hindra og redusera omsorgssvikt.
- For å klare dette må ein byrja med oss som jobbar i barnevernet. Me treng gode arbeidsvilkår, me treng at heradet er med å støttar, framsnakkar og rustar oss opp, slik at me kan tilby gode tenester til dei aller mest sårbare.

Nøkkeltal

- Nøkkeltala seier noko om dagens situasjon. Tala forandrar seg dag for dag og er mest av alt eit verktøy
- Den fortel kor mange undersøkingar me har, antal hjelpetiltak, tiltaksplanar, undersøkingsrapportar, oppfølgingsbesøk, tilsyn mm.
- Nøkkeltala beskriv kor mykje som er gjort av lovpålagte oppgåver, og kva som eventuelt ikkje er utført og som kan verte avvik.
- Dette er tal som vert rapportert inn til Statsforvaltaren.

Mottak per 07.12.22

16 pågåande undersøkingar (Veit om 6 til som kjem)

7 saker utan ferdigstilt plan for undersøking

10 saker har ikkje ferdigstilt rapport etter endt undersøking. Dette er pågåande arbeid, som syner at me ikkje har etterslep i nokon saker, og ein er ajour.

78 born med hjelpetiltak.

7 manglar tiltaksplan (under behandling)

Ingen saker manglar lovpålagt evaluering

Dette er så grønt du kan få det!



Omsorgsteamet

- 28 fosterborn
- 5 born på andre paragrafar
- 27 har omsorgsplan, ein manglar
- 6 av 15 tilsynsborn manglar tilsyn (4 per år)
- 22 fyller krav til lovpålagt oppfølging
- 10 fyller ikkje krav til lovpålagt oppfølging (alle har fått besøk)
- Her har tenesta framleis ein veg å gå i høve lovpålagte oppgåver
- Det vert jobba mykje for å snu denne trenden og plan for neste år er i gang

Kva utfordrar mottaksteamet

- Utfordringar kring manglande tilbod om hjelpetiltak. Dette snakka eg om for eit år sidan i levekår, status er lik, diverre.
- Det er kompetanse i heradet, me må nyttiggjere oss av denne på ein betre måte.
- Reformen er komen og krev meir ressursar/hjelpetiltak for å hindre flytting av born, men også for å unngå at det vert "ei sak".
- Reformen kjem til å kosta heradet stort, særleg når ein må kjøpe tenester ut av heradet, då ein ikkje har ein eigen «hjelpetiltaksbank»
- Ein treng å rusta opp hjelpetiltaka i heradet, mogleg samordne dei.

To eksemplar på saker etter reformen

- Vossa-sak:

Alvorleg bekymring for eit lite barn. Truleg hadde dette vore ei langvarig plassering for to år sidan.

No vart det brukt enorme ressurar på hjelpetiltak, samarbeid på tvers av hjelpeinstansar, og bornet bur framleis med sine biologiske foreldre, men med eit stort hjelpeapparat kring seg.

Til no har dette truleg kosta fleire hundre tusen. Me har fått dette til, men det kostar og krev stor innsats frå fleire hald.

Det er krevjanden når ein må kjøpa fagkompetanse frå Bergen og det skulle ikkje vore nødvendig



Flyktning-sak

- Svært alvorleg, bekymring knytt til vald og grov emosjonell omsorgssvikt
- Borna vart fyrst plassert på foreldre-barn senter i Bergen, deretter hasteflytta til beredskapsheim, før dei vart midlertidig plassert i nettverket i familien.
- Mor har idag fått tilbake dagleg omsorg.
- Korleis fekk me dette til?
- Samarbeid med integreringstenesta, helsestasjonen, store saksbehandling ressursar, økonomi mm var avgjerande.

Dette er den nye kvardagen vår

- Reformen påverkar stort
- Den nye bv-lova gir meir oppgåver og stiller større krav til fagleg kompetanse og sakshandsaming
- Me skal samarbeida på tvers for å unngå at det vert ei sak (tidleg innsats og førebygging) men og hindra plassering når situasjonen er alvorleg.
- Me treng gode hjelpetiltak i heradet for å få dette til. Me treng førebyggjande tiltak, lågterksel tiltak, samt tiltak som skal virke når alvorsgraden er høg.
- Eg opplev at det skjer ein god positiv endring i helse og oppvekst. Eg opplev stor velvilje til tverrfagleg samarhandling og me får dette ganske bra til. Me har likevel ein veg å gå. Me kan ikkje hjelpe born berre med velvilje og samarbeid, me lyt ha tiltak som virkar.
- Auka levekårsutfordringar!
- Politikara, de må vere dykkar ansvar bevist og me treng dykkar støtte og engasjement

Igjen, eg er framleis like stolt av mine kollegaer som eg var for eit år sidan, når eg snakka til Levekår.

Neste år vil eg framleis vere stolt av mine kollegaer og samarbeidskollegaer, men eg håpar eg også kan fortelje om ein ny kvardag, der heradet har bidrege med å rusta opp hjelpetiltak og fått på plass tiltak som er både førebyggjande, lågterskel samt hjelpetiltak som kan gå inn i dei mest alvorlege sakene